



**BØ KOMMUNE**

Det gode liv i Bø

## Møteinnkalling

**Utvalg:** Formannskapet  
**Møtested:** Rådhuset - Kommunestyresalen  
**Dato:** 24.03.2022  
**Tidspunkt:** 09:00 -11:00

Eventuelt forfall må meldes snarest.

Vararepresentantene møter etter nærmere beskjed.

### Tilleggsinformasjon:

Sture Pedersen  
Ordfører

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrevet signatur*

## Saksliste

**Utvalgs-  
saksnr.**

**Tittel**

---

PS 23/22

Bosetting av flyktninger i Bø kommune 2022



## Saksframlegg

Arkivreferanse: 2022/213-1  
Saksbehandler: Hans-Kristian Pettersen

### Sakens gang

---

Saksnummer	Møtedato	Utvalg
23/22	24.03.2022	Formannskapet

## Bosetting av flyktninger i Bø kommune 2022

### Forslag til vedtak

1. Bø kommune vedtar å følge oppmodinga fra IMDI om å bosette til sammen 35 flyktninger i 2022.
2. Administrasjonen gis fullmakt til å ansette nødvendig antall personer i tjenesten, samt leie inn det antall boliger som er nødvendig.
3. Det rapporteres jevnlig til FSK og KST om utviklinga i saka.

### Bakgrunn for saken

Den 18.03.22 fikk Bø kommune ei ny oppmoding fra IMDI om å bosette til sammen 35 flyktninger i 2022.(se vedlegg). IMDI ber om svar så raskt som mulig og siste frist er 31. mars 2022. I brevet står det at det vil særlig være kvinner, barn og eldre flyktninger som kommer fra Ukraina, men det poengteres også i brevet at flyktningene kan komme fra andre land enn Ukraina. Vedtaket som Bø kommune gjør skal ikke inkludere familiegjening.

### Vurdering

Bø kommune la ned integreringskontoret for ett år siden. Vi har kun voksenopplæringa igjen med 11 elever og to lærere. Å ta imot 35 flyktninger betyr at vi må gjenopprette tjenesten snarest mulig. I forrige uke satte rådmannen ned ei bosettingsgruppe som skulle starte planleggingsarbeidet med å ta imot flyktninger. Gruppen består av følgende personer:

- Tommy Vikan, leder voksenopplæringa,
- Sykepleier Elin Antonsen
- Fysioterapeut Catarina Amundsen
- Jenny Tande.
- Biblioteksjef/frivillighetssentralen Astrid Andreassen
- Solveig P. Pettersen, NAV
- Hans K. Pettersen, skolekontoret. Sistnevnte leder første møte som er berammet til etter møtet i FSK på torsdag den 24.03.

Vi har flere utfordringer som vi må løse ganske raskt.

- Gjenopprette integreringskontoret ved å tilsette en leder. Leder av integreringskontoret er den som har den daglige drifta av tjenesten. Personen rapporterer til IMDI, betaler ut lønning til flyktningene, sørger for bosetting, og at boligene er klare når flyktningene kommer.  
Da vi la ned integreringskontoret ble leder overført til en annen kommunal stilling. Klarer vi å få tilbake folk med erfaring er mye løst. Kontorene står klare nede ved Steinesjøen.
- Ansette en miljøarbeider som kan hjelpe til med klargjøring av boliger, samt andre oppgaver
- Vi har i dag tilbud om å leie 5 leiligheter hos private. Disse er ledige pr. dags dato. Spørsmålet her er om vi skal inngå kontraktsforhandlinger snarest mulig for å sikre at vi får disse boligene? Vi vet ikke når flyktningene kommer, og kan derfor sitte med leiligheter som ikke er i bruk. Vi har tre kommunale leiligheter på Vinje som kan brukes.
- Boligene er fordelt på Steine, Straume, Eidet, og en enebolig i Mårsund.
- Hva kreves av helsestasjonen? Det vil være lettere hvis flyktningene kommer fra et mottak. Da er det meste av helseundersøkelser gjort. Helseetaten må sannsynligvis styrkes med hensyn til personell.
- Vi har ledig areal i Straume og Eidet barnehager, men vi må ansette mer personell for å ta imot flere barn.
- Vi har god plass på skolene, men det beste hadde vært å ha en egen innføringsklasse for elevene på en skole. Etter hvert kan de fordeles på alle skolene.

#### Økonomi:

Kommuner som bosetter flyktninger får utbetalt integreringstilskudd. I brevet fra IMDI blir dette forklart nærmere. Det vil være god nok økonomi for å gi flyktningene et godt tilbud.

Hans K. Pettersen

Frode Josefsen

Skole og barnehagesjef

Fung Rådmann

Bø kommune (Nordland)  
Rådhuset, Veaveien 50  
8475 STRAUMSJØEN

Deres ref:

Vår ref: 22-02001-1

Dato: 18.03.2022

Vi ber om at brevet blir distribuert til:

- ordfører
- kommunedirektør

## **Ny oppmoding 2022 - Bø kommune**

Mange menneske har flykta frå Ukraina sidan Russland sin invasjon i februar i år. Dette er den største massefluktsituasjonen Europa har sett sidan den andre verdenskrigen. UNHCR bereknar at 12 millionar menneske vil trenge naudhjelp og beskyttelse internt i Ukraina, medan meir enn 4 millionar kan bli drivne på flukt frå Ukraina innan kort tid.

Dei humanitære følgene er dramatiske i Ukraina og i nabolanda. Dei store flyktingstraumane ut av Ukraina legg betydeleg press på landa omkring. Desse har fått skryt frå FN for å ha stilt opp med ein rask og effektiv beredskap for mottak av flyktingane. Samstundes er dei heilt avhengige av at resten av Europa medverkar.

I Noreg er det stadig aukande inkomstar av ukrainske flyktingar. Det er vedteke at ukrainske statsborgarar skal få mellombels, kollektivt vern. Dette er eit særskilt løyve i utlendingslova § 34 som kan nyttast i ein massefluktsituasjon.

Denne ekstraordinære situasjonen gjer det naudsynt å auke kapasiteten for eit mogleg stort tal på inkomstar av flyktingar til Noreg. Det er framleis uvisst kor stort behovet for busetting blir i år, men det er venta at talet på ukrainske flyktingar aukar i vekene og månadane framover. Det er derfor svært positivt at kommunane ønsker å stille opp og medverke til rask busetting av flyktingar. Tilbakemeldinga på IMDi's kartlegging av busettingskapasiteten i kommunane i veke 10 i år tyder på at det er stor vilje til å busette flyktingar. Samstundes er behovet for busetting i Noreg vesentleg større enn den kapasiteten kommunane har meldt inn. Den store busettingsviljen gjeld både i kommunar som allereie er oppmoda om å busette, og i kommunar som ikkje har førebudd seg på busetting av flyktingar i år.

I 2015 gjorde kommunane ein formidabel innsats med busetting og kvalifisering av dei store flyktinginnkomstane frå Syria og andre land. I tida framover vil kommunane nok ein gong spele ei heilt avgjerande rolle i korleis Noreg som nasjon vil kunne handtere denne krevjande situasjonen. Det er i kommunane at flyktingane skal bu og få kvardagen attende. Talet på busettingsplassar i kommunane, og kor raskt kommunane kan gjere desse tilgjengelege, er derfor heilt avgjerande. IMDi oppmodar derfor alle kommunar i landet om å busette flyktingar i 2022.

**Med bakgrunn i den nye situasjonen oppmodar IMDi derfor Bø kommune om å busette til saman 35 flyktingar i 2022.**

Det vil særleg vere kvinner, barn og eldre flyktningar som kjem frå Ukraina. Det er viktig at kommunen no legg planar for å bygge opp tenesteapparatet for fleire flyktningar frå Ukraina og andre land. Dette dreier seg om både bustader, helsetenester, introduksjonsprogram, barnehageplassar og skule.

### **Svar på oppmodinga**

Vi ber om at det kjem tydeleg fram av vedtaket dykkar kor mange flyktningar kommunen vedtek å busette i 2022. Vi oppfordrar dykk til å gjere vedtak i tråd med talet det er oppmoda om. Vedtaket skal ikkje inkludere familiegjenforeina eller innehalde andre reservasjonar.

Vi har behov for raskt svar. Ver derfor vennleg og svar på denne oppmodinga så snart som mogleg, og **innan 31. mars 2022**. Viss det ikkje er mogleg å sakshandsame innan fristen, ber vi om beskjed om når svaret kan vere klart.

Når de har gjort vedtak, ber vi kommunen om å

- sende skriftleg kopi av vedtaket til [post@imdi.no](mailto:post@imdi.no) med kopi til KS ved [nina.gran@ks.no](mailto:nina.gran@ks.no) og til fylkeskommunen
- registrere vedtakstalet i IMDis fagsystem for busetting (IMDinett) etter at oppmodinga er mottatt digitalt

### **Kontakt**

Ta kontakt med IMDi ved spørsmålkring oppmodinga. IMDis kontaktsenter har telefon 40 00 19 60 og e-post: [post@imdi.no](mailto:post@imdi.no).

Libe Rieber-Mohn  
direktør  
Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

*Dokumentet er godkjent elektronisk og treng derfor ikkje signatur.*

## Appendix:

### Bakgrunn for tala

Hausten 2021 oppmoda IMDi 212 kommunar om å busette til saman 5 500 flyktningar i 2022. Dette var før krigen i Ukraina braut ut. Krigen i Ukraina har ført til at behovet for busetting har stege monaleg. IMDi varsla alle kommunane i landet om dette i brev datert 4. mars. Dei nyaste prognosane viser at behovet for busetting i 2022 er berekna til å vere om lag 35 000 personar. Inkludert i dette talet er 400 einslege mindreårige. IMDi har i samråd med KS fordelt dette talet på alle kommunar i landet.

Talet som ligg til grunn for denne nye oppmodinga inneber ein auke på kring 30 000 busettingsplassar. Dette talet er samstundes usikkert på det noverande tidspunktet. Vi veit ikkje kor lenge krigen i Ukraina vil vare, eller kor mange som vil komme til Noreg, verken på kort eller på lengre sikt. Samstundes legg vi til grunn at inkomstane blir store. Tilkomstar som kan følge av ein solidaritetsordning mellom dei europeiske landa er ikkje inkludert i prognosane på det noverande tidspunktet.

I tillegg til ukrainske flyktningar, er det også andre grupper som skal busettast i 2022. Det er derfor viktig at kapasiteten til å busette flyktningar kan justerast i tråd med det samla behovet.

### Økonomi og rammevilkår

Vi forstår at dette er ein utfordrande situasjon også for kommunane. IMDi har stønadsordningar som blir utløyste for personane som kommunen skal busette. Det skal legges til rette for at kommunen skal kunne auke kapasiteten i tråd med behovet.

Personar som får mellombels, kollektivt vern er i målgruppa for busetting med offentleg hjelp, og vert busette etter avtale mellom IMDi og kommunen på same måte som andre flyktningar. Opphaldsløyva dannar grunnlag for rett og plikt til å delta i introduksjonsprogram i samsvar med integreringslova, så lenge flyktingen er busett etter avtale mellom kommunen og IMDi. Busettinga av ukrainske flyktningar utløyser dermed ordinært integreringstilskot.

#### Aktuelle tilskot:

- Kommunar som buset flyktningar, får utbetalt integreringstilskot. Tilskotet blir utbetalt etter at flyktingen er busett. Tilskotet skal medverke til at kommunane arbeider aktivt med busetting og integrering slik at flyktingane kjem i arbeid, forsørger seg sjølve og deltar i samfunnet så raskt som mogleg.
  - Det er ulike satsar for tilskot, avhengig av i kva kategori ein person blir busett i år 1.

integreringstilskot einslege vaksne	kr 234 900 per år
integreringstilskot vaksne og barn i familiar	kr 189 400 per år
integreringstilskot einslege mindreårige	kr 182 300 per år
barnehagetilskot, barn 0—5 år	kr 27 100 per år
eldretilskot, fylt 60 år ved busetting	kr 176 000 per år
- Kommunar som buset einslege mindreårige flyktningar, får eit særskilt tilskot i tillegg til integreringstilskotet. Tilskotet blir utbetalt etter at flyktingen er busett.
  - Det er ulike satsar for tilskot, avhengig av alder og busettingsmånad i år 1.

barn i alderen 0 til og med 16 år	kr 58 750 per månad
barn i alderen 17—20 år	kr 93 167 per månad

- Nokre flyktningar har eit særskilt behov for oppfølging og tilrettelegging på grunn av lågare funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar. Kommunar som buset flyktningar, må rekne med at ein skilde personar har slike særskilde behov. Kommunar som buset personar med lågare funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar, kan søke tilskot frå IMDi for å dekke ekstraordinære utgifter.
  - For første eller andre busettingsår kan kommunen søke om tilskot 1 eller tilskot 2.

tilskot 1 er eit eingongstilskot på inntil	kr 196 400 (2021)
tilskot 2 kan delast ut årleg i inntil 5 år etter busetting, inntil	kr 1 430 000 (2021)
- Kommunar kan også få tilskot for vaksne innvandrarak som har rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap.
  - Persontilskot blir utbetalt i ulike satsar, avhengig av opphavslend.

persontilskot år 1 for 2022	kr 15 300 til 35 800
persontilskot år 2 for 2021	kr 27 500 til 71 200
persontilskot år 3 for 2020	kr 17 200 til 49 100
  - Grunntilskot blir utbetalt i ulike satsar, avhengig av talet på personar i berekningsgrunnlaget.

grunntilskot 1–3 personar	kr 211 000
grunntilskot 4–150 personar	kr 626 000

Les meir om tilskot på nettsidene til IMDi: <https://www.imdi.no/tilskudd/>  
IMDis tilskotskalkulator på nettsidene til IMDi: <https://www.imdi.no/tilskudd/tilskuddskalkulator/>

**Kopimottakere:**

Nordland Fylkeskommune  
Kommunesektorens organisasjon - KS